


Vår dato
23.11.2005Vår referanse
05/1101 - 5145/05Dykkar dato
14.10.2005

Dykkar referanse

Utdannings- og forskingsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyring Forskrift om forrentning og tilbakebetaling av utdanningslån 2006 - fråsegn frå Høgskulen i Sogn og fjordane

Vi viser til forskrift om forrentning og tilbakebetaling av studielån, sendt på høyring av UFD 14. oktober. Forskrifta vert gjennomgått mellom anna med tanke på ei tilpassing til utdanningsstøttelova og moderniseringa av Statens lånekasse for utdanning.

Generelt ser Høgskulen i Sogn og Fjordane positivt på dei strukturelle endringane som vert gjort i forskrifta. Forenkling av språkdrakt og form er viktige hjelpemiddel for å gjere innhaldet i forskrifta meir tilgjengeleg. HSF har elles desse kommentarane til realitetsendringane:

Kapittel I

- Til 6.4 *Ved varsling om terminbeløp som forfaller, får låntakeren lagt til et gebyr på kr 35. Låntakere som benytter e-faktura får ikke lagt til slikt gebyr.* HSF merker seg endringa, og har ingen innvendingar.
- Til 10.1 *Utdanningsgjeld er personlig gjeld og kan ikke overdras til andre.* HSF ser dette som ei nødvendig stadfesting av noko som alt er gjeldande praksis.

Kapittel II

- Til 2.3. Departementet legg opp til å avvikle ordninga med rentefritak for aktive idrettsutøvarar. HSF kan ikkje sjå at ei slik særordning er heldig, og stiller seg derfor positive til forslaget.

Kapittel III

- Til 2.1.2. Departementet foreslår reduksjon i kravet om yrkesaktivitet til 50 pst. for å kunne få ettergiving for låntakarar som er busett og utøver eit yrke i Finnmark og enkelte kommuner i andre fylker. HSF merker seg endringa og har ingen innvendingar.

Med helsing

Terje Bjelle
Underdirektør

Einar Walstad
Einar Walstad
førstekonsulent